



Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1006 - 18/10377

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

15.05.2018

Høyring om heva vasstand i Bratshaugvatnet i Meland kommune i Hordaland

Viser til høyringsbrev om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for heving av vasstand i Bratshaugvatnet i Meland kommune, datert 12.04.2018. Dykkar ref. 201802096-2.

De ber kommunen informere om kjende allmenne interesser som vert råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføring av tiltaket. Meland kommune vil difor i samband med høyringa uttale seg om;

Kulturminner:

Stemma ved Bratshaugvatnet er av høg kulturhistorisk lokal verdi, og særleg for den nordre delen av Holsnøy. Stemma går inn som ein viktig del i kunnskapen ein har om dei ulike stemmene i Meland kommune, og kva for betyding desse har hatt. Det er positivt at ei ny stemme ikkje vil påverke den eksisterande, dette må understrekast i eventuelle løyve. I tillegg bør ein setje krav om at ein skal i høgast mogleg grad ta omsyn til eksisterande steingard, som vert opna for bygging av ny veg ved dette tiltaket.

Friluftsliv:

Det er ikkje kjende friluftsverdiar som kjem til å verte nemneverdig skadelidande av omtalt tiltak.

Naturverdiar:

Det er ikkje registrert verdfulle naturtypar eller sårbare artar i eller i nærleiken til Bratshaugvatnet i Naturbase eller artskart. Kommunen har ikkje kjennskap til at det er registrert naturverdiar i vatnet i dei kommunale rapportane knytt til naturmangfald. Bratshaugelva som starter i utløpet av Bratshaugvatnet er registrert som eit sjøaureførande vassdrag. Bratshaugelva ble i kartlegging av sjøaurevassdrag i 1999, kartlagt som sjøaureførande frå utløpet i Sætrevika til starten i utløpet av Bratshaugvatnet (sjå vedlagt utdrag frå rapport). Elva vart kartlagt med ein strekning på 2 km, med gode gyte- og oppvekstforhold for sjøaure. Vidare var det i same rapport konstatert at produksjonen av aure.

Vilt:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Det er ikkje registrert viktig område for vilt til vatnet, men det er registrert eit område nært vatnet. I den kommunale rapporten viltet i Meland er dette område omtalt som svært viktig. Område ligg sørøst for vatnet, og i rapporten er område nemnd som viktig for orrfugl og rovfugl. Område er også nytta av hjorten. Vedlagt er eit utdrag frå rapporten viltet i Meland.

Planstatus:

Bratshaugvatnet ligg som landbruk-, natur- og friluftsområde i kommuneplanens arealdel.

Vassuttak:

Meland kommune har ikkje vassuttak i Bratshaugvatnet.

Kunnskapsgrunnlaget naturmangfaldslova § 8:

Meland kommune meiner at kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt, og viser til at det er gjennomført fleire kartleggingar i området. Det har vore gjennomført større og mindre kartleggingar i samband med naturtypar og artar i regi av regionale styresmakter og Meland kommune.

Meland kommune ser det som positivt dersom ein kan nytta vatnet i større grad enn i dag utan stor påverknad på naturmangfald og kulturminne i området.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utdrag frå kartlegging av sjøaurevassdrag i Meland kommune 1999

Utdrag frå viltet i Meland 2005

Mottakere:

Noregs vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 0301
Majorstua

OSLO